Ål. k. 067 → 81011
81055

Statsadministrasjonen

# Dokumentliste

Sak

Reguleringsplan for Syningen skyte- og øvingsfelt.
Ål k. Buskerud f.

| Dok.nr. | Dato | Dokument (type, tittel) | Merknader |
|---|---|---|---|
| 1 | 25. sept 84 | Fylkesmannen v/O. Buer Sakspapirer m/bilag. | |
| 2 | 11. okt. 84 | T.H. Haraldsen innberetning m/forslag til grundig reg. etter fangstanlegg og jernvinne 1985. | |
| 3 | 30. okt 84 | T.H. Haraldsen til fylkesmannen, befaring og reg. i 1984 før vi kan ta endelig stilling til planen. | |
| 4 | 25. feb. 85. | T.H. Haraldsen - krav om at vi må underrettes snarest dersom vi skal få plan ferdig i år. | |
| 5 | 19.06.85 | Notat; T.H.Haraldsen telf. samt. med byggetjenesten Morten Johannessen, planen sementerer bare eksisterende forhold og må være et kommunalt ansvar. | |
| 6 | 10.06.86 | Brev; T.H.Haraldsen til byggetjenesten. Utbygging er skjedd uten at disse er forelagt vernemyndigheten. Området må befares. | |
| 7 | 07.05.86 | Ål. kommune, Brev; fra rådmann Karsten Øretveit. Forespørsel om vi har merknader og hvem skal betale for eventuelt feltarbeid. | |
| 8 | 28.07.86 | Brev; til Ål kommune v/rådmannen, vi må gjøre en befaring før vi kan avgi uttalelse. Det kan bli aktuelt å kreve ytterligere registreringer. | |

X-039 B/N. (Godkj. januar 1983.) På lager i trykksakekspedisjonen.
A/S KAARE GRYTTING, ORKANGER 1,00 000 7 83

(1)

FYLKESMANNEN I BUSKERUD

OLDSAKSAMLINGEN
J.nr. 002038 27 SEP 84
SAKSB. TH ARK.Nr.

Universitetets Oldssaksamling
Fredriks gt. 2

0164 OSLO 1

DERES REF.

VÅR REF. (BES OPPGITT VED SVAR)
Jnr. 3842/84 ark. 723.8 OAB

DATO
25. september 1984

REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT.
ÅL KOMMUNE.

Overnevnte reguleringsforslag er mottatt hos fylkesmannen for stadfesting i medhold av § 27 i bygningsloven av 18.06. 1965, jfr. fullmakt av 02.07.1973 fra Miljøverndepartementet.

En ber herved om Oldsaksamlingens uttalelse til foreliggende forslag til reguleringsplanen.

Vedlagte saksdokumenter bes sendt i retur med uttalelsen.

Etter fullmakt

Olfrid Buer
Olfrid Buer

Postadresse
Fylkeshuset
3000 Drammen

Kontoradresse
Haugesgt. 89

Telefon
(03) 83 81 50

Telex
71468

ÅL KOMMUNE - TEKNISK ETAT
Ål bygningsråd

VEDR.: SAK 121/82 i ÅL BYGNINGSRÅD

SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT
REGULERINGSPLAN - 2. GONGS HANDSAMING

DOKUMENTLISTE

1. Utskrift av møtebok for Ål bygningsråd, sak 177/81.

2. Brev datert 27.8.81 frå Hallvard Tufte, Ola Svensgård, Erling Breibrenna, Mikal Svensgård, Olav Sire, Trygve Sire, Gerd Sire Gjelten og Olav Haugo.

3. Brev datert 28.8.81 frå Oddbjørn Storedal.

4. Brev datert august 1981 frå Torvald Haugen, Liv Haugen, Ove Thorshaug, Herman Uhlen, Bjarne Uhlen, Torleiv Brennhovd.

5. Brev datert 2.9.1981 frå Even Liahagen og Leiv Bråtalien.

6. Brev datert 2.9.81 frå Plan- og utbyggingsavdelingen, Buskerud fylkeskommune.

7. Brev datert 3.9.81 frå advokat Frans Mauritzen.

8. Utskrift av møtebok for Ål landbruksnemnd sak 88/81, 11.9.81.

9. Protokoll fra sak 4/82 i Friluftsnemnda i Buskerud 26.1.82.

9b Uutskrift av møtebok for Ål Viltnemnd sak 1/82, 9.2.82

10. Utskrift av møtebok for Gol bygningsråd sak 47/82B i møte 11.2.82.

11. Utskrift av møtebok for Ål friluftsnemnd i møte 1.4.82.

12. Utskrift av møtebok for Buskerud fylkeslandbruksstyre sak 165J

13. Utskrift av møtebok for Gol bygningsråd sak 158/82 B, i møte 26.5.82.

13 A. Brev frå Forsvarets Bygningstjeneste datert 18.6.81.

14. Brev frå Forsvarets Bygningstjeneste datert 17.12.81.

15. Reguleringsbestemmelser for Syningen skyte- og øvingsfelt Ål og Gol kommune - revidert 11.12.81. Reguleringsplan dat. 7.4.81 revidert 7.12.81.

16. Utskrift av møtebok for Ål bygningsråd, sak 240/82, i møte 28. september 1982. (Utsatt sak 121/82, 29.6.82).

30.9.82
Sigrid Roen
Sigrid Roen
Ktr.flm.

Forts. DOKUMENTLISTE - Reguleringsplan for Syningen- Skyte- og Øvingsfelt:

17. Utskrift av møtebok for Ål Bygningsråd, sak 271, i møte 2. november 1982.

18. Saksframstilling til formannskapet, sak 441/82 (m/tilråding) i møte 20. januar 1983.
Utsett med 18 mot 6 røyster av kommunestyret, sak 4/83.

19. Brev datert 15.02.1983 frå adv. Buttingsrud, til Thorvald haugen.

20. Brev datert februar -83 frå grunneigarane, til Ål formannskap.

21. Brev datert 15. mars 1983 til Heimevernskolen, Torpo.

22. Brev datert 27.06.1983 frå grunneigarane, til Forsvarets Bygningstjeneste.

23. Brev datert 08.08.1983 frå Forsvarets Bygningstjeneste.

24. Brev datert 16.01.1983 frå Forsvarets Bygningstjeneste.

25. Utskrift av møtebok for landbruksnemnda i Ål, sak 80/84, i møte 28.06.84.

26. Innkalling til synfaring datert 22. august 1984.

27. Utskrift av møtebok for Ål kommunestyre, sak 132/84, i møte 30. august 1984.

(6)

BUSKERUD FYLKESKOMMUNE
PLAN - OG UTBYGGINGSAVDELINGEN

ÅL KOMMUNE TEKNISK ETAT
1318 81
504
Sf 4/9-81
Al landbruksnemnd 8/9-81

Ål kommune
Teknisk etat

3570 ÅL

DERES REF.: VÅR REF.: Ujnr. 1265/81 Ark. 714.8 KAa/GH DATO 2.9.1981

ÅL KOMMUNE - UTKAST TIL REGULERINGSPLAN MED REGULERINGS-BESTEMMELSER FOR OMRÅDET SYNINGEN

Det vises til kommunens ekspedisjon hit av 10. august 1981.

1. MERKNADER TIL REGULERINGSUTKASTET DATERT 7.4.1981

Av plankartet framgår at et område ved Syningstølen omfattende i det vesentlige sameiet gnr. 10/1 og gnr. 10/9 er regulert til fareområde med underbetegnelsen skytefelt. Omfanget av området og reguleringsformålet synes greit.

Det omkringliggende området er regulert til formålet Spesialområde med underbetegnelsen landbruk.
I dette tilfellet er det ikke naturlig å bruke slikt reguleringsformål.
Plan- og utbyggingsavdelingen vil rå til at området gis reguleringsformålet landbruksområde etter bygningslovens § 25 punkt 2.
Det vises forøvrig til bygningsrådets vedtak av 4. august 1981 sak 177/81.

2. KJØREADKOMST

Kjørevegen gjennom landbruksområdet fram til fareområdet/skytefeltet må reguleres til felles adkomstveg under bygningslovens § 26, Andre bestemmelser.
Det forutsettes at bruken av vegen fra offentlig veg er klarert med vegstyret/rettighetshaverne. Adkomstveger i landbruksområdet fram til seterstøler m.m. kan være slik som de er vist på kartet og inngå som del av landbruksområdet.

Det må vurderes hvorvidt adkomstvegen skal føres videre gjennom fareområdet/skytefeltet som felles adkomstveg nordover til nordre avgrensing av fareområdet/skytefeltet eventuelt fram til nordre avgrensing av landbruksområdet.

3. REGULERINGSBESTEMMELSER

Det hitsendte utkastet til reguleringsbestemmelser datert 7. mai 1981 inneholder flere bestemmelser som ikke har hjemmel i bygningsloven.
Således kan ikke reguleringsbestemmelsene fastsette hvilke våpen det skal skytes med, eller tidsrom for forsvarets bruk av området, og heller ikke om militære sikkerhetsbestemmelser og instrukser.

Ut fra det foreliggende vil en tilrå følgende reguleringsbestemmelser:

§ 1. Det regulerte området er på planen i målestokk 1:5 000 vist med reguleringsgrense.

§ 2. Fareområde/skytefelt
I området kan opparbeides skytebaneanlegg, veier, ledninger, gjerder og oppføres bygninger som er nødvendige for områdets bruk til skytefelt.

§ 3. Landbruksområde
I området kan oppføres bygninger som er nødvendige for områdets bruk til landbruksformål.

§ 4. Mindre vesentlige unntak fra disse reguleringsbestemmelsene kan, hvor særlige grunner taler for det, tillates av bygningsrådet innenfor rammen av bygningslovgivningen og bygningsvedtektene for Ål kommune.

Etter plan- og utbyggingsavdelingens mening vil de i hitsendte forslag øvrige anførte bestemmelser være dekket gjennom Forsvarets egne sikkerhetsbestemmelser og instrukser samt gjennom de private avtaler med grunneierne som må opprettes i forbindelse med leieavtaler om arealene.

4. SAKSBEHANDLING

Da del av reguleringsplanområdet ligger innenfor Gol kommune, må reguleringsforslaget behandles også i Gol kommune etter bygningslovens § 27.

Reguleringssaken bør også forelegges Fylkesfriluftsnemnda i Buskerud til uttalelse.

En har tillatt seg å beholde de hitsendte dokumentkopiene og plankartet.

Kåre Aase
Kåre Aase

Gjenpart sendt: Forsvarets bygningstjeneste for Heimevernskolen, 3579 TORPO

| Fylkeslandbruksstyre | | Jordstyre Ål | |
|---|---|---|---|
| Møte | Sak | Møte 11/9-81 | Sak 88 |
| Reg.nr. | Tidl. sak | Tidl. sak | |

Sak 88/81

Reguleringsplan for Syningen skyte- og øvingsfelt.

Forsvarets bygningsteneste har etter oppmoding frå HV-Skolen, Torpo og Forsvarets overkommando utarbeid reguleringsplan m/ reguleringsvedtekter for Syningen skyte- og øvingsfelt. Reguleringsplanen var oversendt Ål landbruksnemnd til uttale frå bygningssjefen i Ål.

Forsvaret har sidan 1963 nytta ca. 3 000 dekar av sameiga Syningen Seter, gnr. 10, bnr. 9 , til skyte- og øvingsfelt. Forsvaret er medeigar av denne eigedom saman med bruket Nyhus, gnr. 10/1.

Forsvaret framheld at det i seinare år er merka ein markant auke i talet på turistar og ferierande som trekkjer inn i skytefeltet frå omkringliggande hytter. For å hindra ei for Forsvaret uheldig utvikling og for å sikre noverande bruk av feltet, ynskjer no Forsvaret å fremje reguleringsplan for sjølve skytefeltet og tilstøytande områder.

I planen er vist sjølve skytefeltet merka Område F (fareområde) og ei buffersone omkring merka Område L (spesialområde).

Heile området er på 9.100 dekar. Av dette ligg 8.087 dekar i Ål kommune og 1.013 dekar i Gol kommune. Området er fjellstrekning på ca. 825 til 1.046 m.o.h. I nedre del av området er ein del nåleskog, ellers blandingsskog, bjørkeskog og kratt forutan snaufjell og myr.

I området er det innan Ål kommune 21 grunneigarar utanom Forsvaret. Her ligg 14 stølar, som alle utanom Syningen Seter er heimestølar. På 10 av desse stølane er det i seinare tid dyrka eit areal på ca. 105 dekar. Utanom stølane er ein stor del av området registrert som dyrkingsjord på økonomisk kartverk. Ingen av heimstølane er lenger i bruk for ordinær stølsdrift med mjølkedyr, men dei fleste stølane blir brukt til slått og beite. Det går ein del beitedyr av storfe og sau i området.

I området er det forutan stølshus og bygningar og anlegg til forsvaret 7-8 hytter. For 3 grunneigarar er det i kommunalt organ godkjent disposisjonsplan for 23 hytter.

./.

| Sign. Fl.st. | Sign. (J.st.) |
|---|---|

# MØTEBOK



| Fylkeslandbruksstyre | | Jordstyre Ål | |
|---|---|---|---|
| Møte | Sak | Møte 11/9-81 | Sak 88 |
| Reg.nr. | Tidl. sak | Tidl. sak | |

forts. sak 88/81

Frå dei fleste grunneigarane er det etter at reguleringsplanen er utlagt, kome protest.

Protestane går ut på:

- reguleringsplanen synest unødvendig
- det planlagte reguleringsområde er unødig stort
- skytefeltet bør kunna leggjast til andre områder
- makeskifte av areal

I fall reguleringsplanen blir godkjent må det:

- ytast vederlag for klausuleringa mot hyttebygging
- oppsetjing av nytt gjerde og fornying av eksisterande gjerde må vera tillate til landbruksføremål
- bruk av vegar i området må skje etter avtale med grunneigarane.

Ved synfaring av området i dag møtte representanter for grunneigarane og frå Forsvaret. Desse orienterte og svara på spørsmål. Vesentleg nytt utanom det som tidlegare er framkome i saksdokumenta framkom ikkje.

Samrøystes vedtak:

Kor vidt den framlagte reguleringsplan er påkrevd av forsvarsmessige grunnar, kor stort området må vera, og om skytefeltet kan flyttast til andre områder, finn ikkje landbruksnemnda å kunna ta standpunkt til då dette er militærfaglege spørsmål. Ein går ut frå at dette blir nøye vurdert av Forsvaret, herunder ogso om storleiken på buffersona kunne innskrenkast eller mogeleg justerast i samråd med grunneigarane.

Nemnda har ellers desse merknader:

Område L må kallast Landbruksområde i staden for spesialområde.

Vidare må reguleringsvedtektene i § 5 endrast slik at oppsetjing av nytt gjerde og fornying av eksisterande gjerde til landbruksføremål er tillatt. Utan det vil det vera heilt illusorisk at området skal kunna nyttast til landbruksføremål.

Bruk av private vegar i området må skje etter avtale med grunneigarane.

Det må ytast vederlag for klausulering mot hyttebygging.

./.

| Sign. Fl.st. | Sign. (J.st.) |
|---|---|
| | |

M-394
60.000. 6.80. e.s.trykk-Oslo

# MØTEBOK

(Fl.st. | J.st. 

| Fylkeslandbruksstyre | | Jordstyre Ål | |
|---|---|---|---|
| Møte | Sak | Møte 11/9-81 | Sak 88 |
| Reg.nr. | Tidl. sak | Tidl. sak | |

forts. sak 88/81

Med oppfylling av desse føresetnader finn landbruksnemnda å kunna tilrå planen.

Utskrift går til: Buskerud fylkeslandbruksstyre
Ål bygningsråd

ÅL KOMMUNE, TEKN. ETAT
J.nr 1375 19 81
Arkiv: 504
SETT AV: Sf 15/9-81
Ek + f
BS
Q N.T.
TIL ORIENTERING:

Sign. Fl.st. | Sign. (J.st.)

ÅL KOMMUNE
Teknisk etat
3570 ÅL

Tlf. (067) 81 011

Jnr. 17/82 - ark.: 504
EK:gs

BA

Plan- og utbyggingsavd.
J. nr. 1 | 8/1 82
Arkiv nr. 714.8

Ål viltnemnd v/ Knut Myro, 3570 ÅL

Buskerud fylkes friluftsnemnd, Fylkeshuset,
Hauges gate 89, 3000 DRAMMEN

REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT

Forsvarets Bygningsteneste har utarbeidd reguleringsplan over Syningen skyte- og øvingsfelt for heimevernskolen på Torpo.

Planen har vore utlagt til offentleg ettersyn i august/september 1981 og sendt Ål landbruksnemnd, Ål friluftsnemnd og plan- og utbyggingsavdelinga i Buskerud fylke til uttale.

Ein meiner og at Dykk bør ha høve til å gjeva uttale til planen før 2. gongs handsaming i bygningsrådet. Planen vert soleis sendt over for snarleg svar.

Ål, 7. januar 1982
BYGNINGSSJEFEN I ÅL

Eystein Kvam
bygn.sjef

VEDLEGG

FYLKESFRILUFTSNEMNDA I BUSKERUD

(9)

Ål kommune
Teknisk etat

3570 ÅL

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
F.jnr. 1/82
Ark. 714.8
BA/GH

Dato
5.2.1982

REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT

Nemnda behandlet saken på møte den 26.1. d.å.

./. Protokoll vedlegges.

Vennligst

B. Andersen.
Bertil Anderson
sekretær

.82
252
504

FYLKESFRILUFTSNEMNDA I BUSKERUD

F.jnr. 1/82 ark. 714.8

PROTOKOLL

SAK 4/82 : REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT, ÅL KOMMUNE




KOMMENTARER:

Reguleringsplanen er oversendt fra Teknisk etat i Ål kommune i forbindelse med 2. gangs behandling i bygningsrådet.

Planområdet omfatter ca. 9 km$^2$. For beliggenhet vises til kart.
Den sentrale del av området, ca. 2,5 km$^2$ er regulert til fareområde.
Resten er regulert til landbruksformål. Fareområdet kan av forsvaret benyttes til skarpskyting med håndvåpen samt panservåpen. Videre til feltøvelser også med motorisert ferdsel. Det kan også anlegges de nødvendige skytebaner,

sprengningsfelt og luftmålbane. Forøvrig nødvendige veier osv.
Fareområdet er åpent for tradisjonell bruk når det ikke benyttes av forsvaret.
I påske, pinse og juledagene skal det ikke drives med skarpskyting.
Det tilsendte materiale utgjør selve plankart og reguleringsbestemmelser.
Det foreligger ikke noe vurderingsmateriale til saken.

Feltet ligger i høydelag 900 - 1.050 m.o.h. med Syningen og Syningstølen sentralt i området. Vinterstid brøytes vegen til Syningstøl hvor forsvaret har anlagt parkeringsplass for alment bruk. Vernekartet for Buskerud påpeker almene friluftsinteresser, særlig ved Syningen og østover inn i Gol kommune.

VEDTAK:

Nemnda vil peke på at det foreligger store friluftsmessige interesser i området, særlig ved Syningen. Om det fortsatt blir tatt de nødvendige hensyn til disse interessene har nemnda ingen innvendinger mot planen. Nemnda forutsetter imidlertid at saken også blir forelagt den kommunale friluftsnemnd.

B. Anderson.
Bertil Anderson
sekretær

U T S K R I F T



av møteboka til GOL BYGNINGSRÅD
i møte 11.02.1982.

Av 5 medlemmer var 5 tilstede (møtende varamann medregnet)

Sak nr.: 47/82 B

REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT.

Sakshandsamar: O. Fjøsne.

Saksdokument:

1. Brev frå Forsvarets bygningstjeneste bl.a. til Gol bygningsråd vedr. reguleringsplan/føresegner dagsett 18.06.1981.
2. Reguleringsplan dagsett Oslo 07.04.1981 med reguleringsføresegner dagsett 07.05.1981.
3. Utskrift av møteboka for Gol bygningsråd i møte 24.09.1981, sak nr. 341 ( 1. gongs handsaming).
4. Brev dagsett 13.10.1981 til 3 aviser om kunngjering av reguleringsplanen.
5. Brev dagsett 19.10.1981 til styrer, råd og instansar som har interesse i planlegginga.
6. Utskrift av møteboka for Gol Helseråd i møte 11.11.1981, sak nr. 63.
7. Brev dagsett 27.10.1981 frå televerket.
8. Utskrift av møteboka til Gol landbruksnemnd i møte 16.11.1981, sak nr. 120 J.
9. Utskrift av møteboka for Gol generalplanutval i møte 05.11.1981, sak nr. 27.
10. Brev frå Vegsjefen i Buskerud, dagsett 12.11.1981.
11. Brev frå lensmannen i Gol/Hemsedal og Ringerike politikammer dagsett 23.11.1981.
12. Kopi av brev frå bygningssjefen i Ål til Rolf Heidenstrøm, Nesøya, dagsett 08.09.1981.
13. Brev dagsett 20.11.1981 frå Nystølen setersameige til Gol bygningsråd - protestskriv.
14. Brev til bygningsrådet frå jordskiftedommaren i Hallingdal dagsett 19.11.1981.
15. Utskrift av møteboka for Gol bygningsråd i møte 17.12.1981, sak nr. 412.
16. Brev frå Forsvarets bygningstjeneste til bl.a. Gol bygningsråd vedlagt 2 stk. justerte reguleringsplanar m/reguleringsføresegner.

MERKNADER:

Gol Helseråd, televerket, vegsjefen i Buskerud, lensmannen i Gol og Hemsedal/Ringerike politikammer har skriftleg gjeve melding om at dei ikkje har merknader til planen.

Gol landbruksnemnd gjorde fylgjande vedtak: "Framlegg til vedtak: "Gol landbruksnemnd vil påpeike at reguleringsplanen ikkje må bli til hinder for den landbruksmessige utnyttinga av dei arealer som ligg innanfor Gol kommune sine grenser. Dette medrekna også nye gjerde som måtte syna seg nødvendig.

-/2

Sign.:

Utskrift sendt til:
Ål bygningsråd, 3570 Ål

Nr. 34005. Arvid Ørebech - skjemaforlag, Pilestredet 27, Oslo 1.

U T S K R I F T

av møteboka til GOL BYGNINGSRÅD
i møte 11.02.1982.

Av 5 medlemmer var 5 tilstede (møtende varamann medregnet)

Sak nr.: 47/82 B



Reguleringsføresegnene må derfor endrast i samsvar med dette. Nemnda vil elles slutte seg til dei merknader som går i retning av at område L i reguleringsplanen må bli avsatt som landbruksområde, og ikkje som i framlegget, få nemninga spesialområde. Når det gjeld eventuelle økonomiske konsekvensar av at hyttebygging heilt ut blir forbode innan det aktuelle område, er dette noko som i tilfelle må løysast gjenom drøftingar mellom dei berørde grunneigarar og Forsvaret.
Samrøystes vedtak: Landbruksnemnda er kjent med at det aktuelle område innan Gol for tida ligger under jordskifte. Nemnda ser det derfor som føremålsteneleg at saka også blir sendt Hallingdal jordskifterett til orientering, og eventuell uttale før slutthandsaminga på kommuneplanet. Elles sluttar Gol landbruksnemnd seg til framlegget til vedtak i saka."

Gol generalplanutval gjorde fylgjande vedtak:
"Generalplanutvalet viser til bygningslova sine reguleringsbestemmelser og meiner at område L bør regulerast til landbruksføremål."

Nystølen setersameige sitt protestskriv er sendt bygningsrådet etter at fristen for merknader gjekk ut: I skrivet står det: "Protest mot forslag til reguleringsbestemmelser for Syningen skyte-øvingsfelt. Forslag datert 7. mai 1981 som opplyses å være utlagt til off. ettersyn på kommunelokalet er først nå kommet til vår kunnskap. Forslaget § 5, benevnt område L (spesialområde) berører ca. halvparten av Nystølen setersameige. Det inneholder en så vesentlig inngripen i vår private eigedomsrett at vi godtar ikke kunngjøringen på den måte som er skjedd. Det burde vært tilstilet hver av oss berørte i rek. brev dersom vi skulle blitt bundet av svarfrister. Siden vårt protestskriv ble sendt 25. september 1978mot en mer moderat inngripen i sameiga, er jordskiftet gjennomført. I dette er utlagt dyrkningarealer til våre eiendommer med ca. 1.570 dekar hvorav ca. $\frac{1}{2}$-parten ligger under det foreslåtte spesialområde. Det er fra landbrukshold erkjent at Nystølen setersameige har være bærende næringsgrunnlag for våre eigedommer gjennom århundrer. Med fullført jordskifte har vi fått ordninger som muliggjør ev vesentlig styrking av våre jordbruk. Med de relativt små arealer dyrka mark og dyrkbar jord som ligger til våre eiendommer bør det være innlysende at et tilskott på ca. 1.570 da. tilleggsjord er en betydelig tilvekst. I forslaget om regulering inngår bl.a. at gjerder ikke tillates ført opp utenom de eksisterende. Arealene som er utlagt må selvsagt gjerdes inn etterhvert som de dyrkes opp, ellers har dyrkinga ingen hensikt. Forbudet mot nye inngjerdinger som i forslaget, vil omfatte ca. 800 da. dyrkningsjord. I realiteten vil det innebære at de berørte fratas ca. 800 da. privateigd dyrkningsjord og at de blir henvist til å drive sine jordbruk etter århundregammelt mønster. Vi kan selvsagt ikke avfinne oss med en slik inngripen i næringsgrunnlaget som reguleringsforslaget innebærer og protesterer mot gjennomføringen. Hytter: Nystølen setersameige er en av de sameiger innen Gol herred som er kommet langt i hyttetomtfordelingen. I generalplanen er tillatt oppført 56 hytter i sameiget. Forslaget

-/3

Sign.:

Utskrift sendt til:
Ål bygningsråd, 3570 Ål

U T S K R I F T

av møteboka til GOL BYGNINGSRÅD
i møte 11.02.1982.

Av 5 medlemmer var 5 tilstede (møtende varamann medregnet)

Sak nr.: 47/82 B



til spesialområde vil redusere dette til ca. halvparten. Oppføring av utleigehytter sees i jordbruksøyemed som en attåtnæring. Å få beslaglagt denne mulighet så radikalt som reguleringsforslaget vil medføre, innebærer ytterligere tap for oss jordbrukere. Sett under ett er den del av forslaget som berører Nystølen setersameige så omfattende at det vil føre til uoverkommelige tap for oss. En sak for seg er at den foreslåtte klausulering er erstatningsbetingende, men vi er ikkje tjent med å få våre eigedommer redusert for pengeerstatninger. Vi kan ikke skaffe oss annen dyrkningsjord og erstatning for utnyttelse av sameiga på annet hold for penger. Vi protesterer på det mest bestemte mot reguleringsbestemmelsene i den utstrekning de berører Nystølen setersameige. Vi ber de bestemmende myndigheter om å avstå å fremme forslaget nevnt under § 5 og under alle omstendigheter om å avslå det."

Jordskiftedommaren i Hallingdal skriv fylgjande:
"Hallingdal jordskifterett har fått oversendt kopi av "Forslag til reguleringsbestemmelser for Syningen skyte- og øvingsfelt Ål og Gol kommune" med 3 vedlegg og utsnitt av tilhøyrande kart, - og dessutan særutskrift frå møteboka til Gol landbruksnemnd i møte den 16.11.1981, sak 120 J. Nystølen setersameige i Gol er f.t. under jordskifte. Saka tok til den 12.6.1975, ogi møte den 23. juni 1981 vedtok jordskifteretten sin endelege plan for utlegg av dyrknings- og kulturbeitejord til partane i sameiga, altså lenge før den ovannemnde planen vart framlagt for Gol bygningsråd. Utlegga til partane er oppstukne og avmerka i marka sist sommar i samsvar med den vedtekne planen. Etter forslaget til reguleringsplan ligg store areal av den beste dyrkningsjorda i Nystølen sameige innanfor det som i planen er kalla L-område (spesialområde). Dette er vist ved raud skravering på vedlagde kopi (utsnitt) av plankartet. Jordskifteretten seier seg samd i det synet som er kome fram i fråsegne frå Gol landbruksnemnd - "framlegg til vedtak", og kan elles leggja til: Dei utlagde areala til jordbruksføremål er vurderte på bakgrunn av at dei tildelte areala kan disponerast fullt ut til fórdyrking, beitekultur, m.v. Forutsetningen for ei slik utnytting er sjølvsagt at areala kan fredast med inngjerding. Dersom slik inngjerding (freding) ikkje vert tillaten, er grunnlaget for heile jordskiftet forandra. Det byggjer m.a.o. på fullstendig feilaktige føresetnader og fører til at ein del partar får verdilause utlegg, samanlikna med dei som ikkje vert råka av gjerdeklausulen i forslaget til reguleringplanen. Det er nå frå partana si side kosta på saka langt opp mot kr. 20.000. Vert reguleringsplanen sett iverk etter framlegget, kan dette føre til at heile jordskiftet må anulerast og ein må då m.a. stille spørsmålet om kven som skal bera desse kostnadene. Det er vel også grunn til å reise spørsmål om saksgangen i dette høvet og kvifor det ikkje er teke kontakt med partane i Nystølen sameige og Gol kommune på eit langt tidlegare tidspunkt. Sett frå jordskifteretten si side er det svært viktig at, i det minste, gjerdeklausulen i forslaget til reguleringsplan vert oppheva."

-/4

Sign.:

Utskrift sendt til:
Ål bygningsråd, 3570 Ål

Nr. 34005 Arvid Ørebech - skjemaforlag, Pilestredet 27, Oslo 1.

U T S K R I F T

av møteboka til GOL BYGNINGSRÅD
i møte 11.02.1982.

Av 5 medlemmer var 5 tilstede (møtende varamann medregnet)

Sak nr.: 47/82 B



Skrivet er sendt etter at fristen for merknader gjekk ut.

I brev frå forsvarets bygningstjeneste til bl.a. Gol kommune, teknisk etat, dagsett 17.12.1981 står fylgjande:
"Syningen skyte- og øvingsfelt - reguleringsplan

1. Forsvarets bygningstjeneste fremmet ved ref. a. forslag til reguleringsplan m/reguleringsbestemmelser for Syningen skyte- og øvingsfelt. Planen er førstegangsbehandlet i Ål bygningsråd den 4. aug. d.å. og i Gol bygningsråd den 29. september d.å., og lagt ut til offentlig ettersyn. Planen er også oversendt berørte kommunale og fylkeskommunale instanser til uttalelse.
2. I førstegangsbehandlingen i Ål bygningsråd ble det bemerket at "Spesialområde landbruk" burde endres til bare "landbruk". FBT har pr. telefon fra bygningssjefen i Ål kommune blitt orientert om at det fra fylkesagronomen i Buskerud også er fremsatt merknader som går ut på:
   i) at"buffersonen" reguleres til landbruk. M.a.o. at "Spesialområde-landbruk" endres til landbruksområde (bgl § 25.2).
   ii) At det innenfor "buffersonen" tillates inngjerding til landbruksformål.

   Ovennevnte merknader fra fylkesagronomen ville trolig resultere i at fylkeslandbruksstyret ville gå imot planen i sin nåværende form.
3. For å forhindre at slikt vedtak i fylkeslandbruksstyret har FBT i samråd med HV-skolen på Torpo funnet å kunne imøtekomme ovennevnte merknader, da hovedintensjonen med planen, å forhindre hyttebygging i buffersonen og den derav følgende uheldige ferdsel av turister og ferierende inn i skytefelt, ikke vil bli endret.
4. FBT har på vedlagte justerte forslag til reguleringsplan m/bestemmelser foretatt følgende endringer:
   i) Område L-"buffersonen" - er endret fra spesialområde - landbruk og til landbruksområde (bgl. § 25.2.) og reguleres til jord/skogbruk.
   ii) Reguleringsbestemmelsenes § 5 er endret og tillater nå inngjerding i forbindelse med setervoller og nydyrking.
5. Ovennevnte justeringer er pr. telefon forelagt fylkesagronomen i Buskerud og plan- og utbyggingsavdelingen i Buskerud fylkeskommune. Justeringene i planen burde ikke være av en slik art og omfang at planen på nytt må legges ut til offentlig ettersyn. Dette er imidlertid et spørsmål bygningsrådet må ta stilling til. FBT håper at justeringer som nå er foretatt vil gjøre det lettere for Forsvaret å få godkjent planen i de berørte kommuner.

   Vedlagt følger 2 stk. justerte reguleringsplaner m/ reguleringsbestemmelser"

REGULERINGSSJEFEN SI VURDERING:

Den reviderte reguleringsplan med føresegner tar fullt ut omsyn -/5

Sign.:

Utskrift sendt til:
Ål bygningsråd, 3570 Ål

Nr. 34005 Arvid Ørebech - skjemaforlag, Pilestredet 27, Oslo 1.

U T S K R I F T

av møteboka til GOL BYGNINGSRÅD
i møte 11.02.1982.

Av 5 medlemmer var 5 tilstede (møtende varamann medregnet)

Sak nr.: 47/82 B



til jord- og skogbruksinteressene innanfor reguleringsplanområdet, jfr. merknader frå landbruksnemnda, generalplanutvalet, Nystølen setersameige, jordskiftedommaren i Hallingdal.

Endringa av reguleringsføremålet spesialområde til landbruksområde for område L er derimot ei vesentleg reguleringsendring, som tilseier at plan og føresegner bør leggjast ut til offentleg ettersyn på nytt.

REGULERINGSSJEFEN SI INNSTILLING:

Bygningsrådet vedtek å leggja ut reguleringsplan for Syningen skyte- og øvingsfelt dagsett 07.04.1981, revidert 07.12.1981, samt tilhøyrande reguleringsføresegner dagsett 07.05.1981, revidert 11.12.1981 til offentleg ettersyn i samsvar med § 27 i bygningslova.

Gol, 09.02.1982
O. Fjøsne

VEDTAK:

Reguleringssjefen si innstilling samrøystes vedteke.

Rett utskrift:
Gol, 12.02.1982
Ase Tamburplass
Åse Tamburplass

ÅL KOMMUNE, TEKN. ETAT
J.nr. 291 1982
Arkiv 504
SETT AV: sf
BB
TIL ORIENTERING:

Sign.:

Utskrift sendt til:
Ål bygningsråd, 3570 Ål

(11)

U T S K R I F T

av

MØTEBOK FOR ÅL FRILUFTSNEMND, møte 1. april 1982.

Av 3 medlemmer var 3 tilstede.

Sak 2/82. REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT.

Friluftsnemnda har fått oversendt forslag til reguleringsbestemmelser for Syningen skyte- og øvingsfelt, til uttale.

Enstemmig vedtak:

Friluftsnemnda har ingen merknad.

Ål friluftsnemnd, 1. april 1982.

I. Strid Sveingard

I. Strid Sveingard.
formann.

604 82
504

Rett utskrift:
I.S.S.

Sendes Teknisk etat.

FYLKESLANDBRUKSSTYRET
I BUSKERUD

Dato 24/4 82 Arkivnr. 4/64
J.nr. 52 Ekspedert
ÅL JORDSTYRE

(12)

Buskerud fylkeslandbruksstyres protokoll fra møte 19.04.1982.

Sak 165 J:

Utsatt sak "Reguleringsplan for Syningen skyte- og øvingsfelt."
Planen sist behandlet som sak 501/1981 J.

Som saksdokument vedlegges:

1. Utskrift av sak 120/81 J i Gol landbruksnemnd.
2. Uttalelse fra jordskiftedommeren i Hallingdal.
3. Forslag til reguleringsbestemmelser for Syningen skyte- og øvingsfelt i Ål og Gol kommuner.

Fylkeslandbrukssjefen viser til sak 501/1981 J hvor uttalelse fra landbruksnemnda i Ål er referert i sin helhet.

Det nye forslaget til reguleringsbestemmelser er datert 11. desember 1981 og kommer istedenfor tidligere forslag av 7.5.1981.

Område L - som tidligere var foreslått regulert til spesialområde - blir nå regulert til landbruksområde. Dette er i samsvar med fylkeslandbrukssjefens forslag i sak 501/81 J. En må tolke det nye forslaget slik at setervoller og dyrka jord blir tillatt inngjerdet. Dette er i samsvar med kravet fra jordskiftedommeren i Hallingdal. Etter dette kan fylkeslandbrukssjefen tilrå foreliggende reguleringsforslag for Syningen skyte- og øvingsfelt, sist datert 7.12.1981.
Bråtalien fratrådte som inhabil.

Innstilling:

Buskerud fylkeslandbruksstyre slutter seg til fylkeslandbrukssjefens merknader og kan anbefale reguleringsplan for Syningen skyte- og øvingsfelt i Ål og Gol, sist datert 7.12.1981.

Enstemmig vedtak: Som innstillingen.

Rett utskrift: Sv. Mann.

ÅL KOMMUNE 784 82
J.nr. 504
Arkiv
SENT AV sf
82
83 GL
M1

U T S K R I F T

av møteboka til GOL BYGNINGSRÅD
i møte 25.05.1982.

Av 5 medlemmer var 5 tilstede (møtende varamann medregnet).

13

Sak nr.: 158/82 B

REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT

Sakshandsamar: O. Fjøsne.

Saksdokument:

1. Reguleringsplan dagsett 07.04.1981, revidert 07.12.1981.
2. Reguleringsføresegner, dagsett 17.05.1981, revidert 11.02.1981
3. Utskrift av bygningsrådssak 47 i møte 11.02.1982.
4. Kunngjering i avisene om utlegging til offentleg ettersyn.
5. Protest frå Nystølen setersameige v/Ingvald Haugstad og Leif Jonsgard

Bygningsrådet vedtok i møte 11.02.1982, sak nr. 47, å leggja plan/føresegner ut til offentleg ettersyn på nytt.

Det er kome inn protest frå Nystølen setersameige v/Ingvald Haugstad og Leif Jonsgard dagsett 13.04.1982.

Klagefristen er overhalden.

I protestskrivet står det:
"Protest mot REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT; REVIDERT. Ved kunngjøring i dagspressen er meddelt at revidert plan for ovennevnte område er utlagt med adgang til protest innen 16.04.82. På vegne av Nystølen setersameige innleveres hermed protest. Vi leverte protest 20. november 1981 på det daværende forslag av 7. mai 1981. I dette redegjorde vi for arealer og grunneierinteresser og vi viser til denne og henholder oss til de begrunnelser vi der har gitt. Det reviderte forslag har i praksis kun imøtekommet grunneierne på ett punkt, nemlig deres rett til å hegne om dyrkningsjord. Forøvrig er forslaget uforandret. Forsvarets ferdsel i området vil være like skadevoldende etter det nye forslag. Likeledes er forbudet mot oppførelse av nye hytter i buffersonen opprettholdt. Sameiga har som egen sone fått godkjent 64 nye hytter innen 1990. En del av disse vil uvergelig måtte legges til den såkalte buffersone da en del grunneiere har sine eierinteresser innen denne. Forbudet innebærer et sterkt økonomisk inngrep. I realiteten innebærer planen en oreigning. Ifl. lov om oreigning av 23. okt. 1959 § 2 under pkt. 15 "militærstell" skal inngripen av den art planen innebærer erstattes etter skjønn til "den det råker". Konklusjon: Inntil det foreligger samtykke fra Kongen om oreigning, protesterer grunneierne i Nystølen setersameige mot godkjenning av planen."

REGULERINGSSJEFEN SI INNSTILLING:

Bygningsrådet tilrår reguleringsplanforslag for Syningen skyte- og øvingsfelt dagsett 07.04.1981, revidert 07.12.1981 med tilhøyrande reguleringsføresegner dagsett 07.05.1981, revidert 11.12.1981.

-/2

Sign.: | Utskrift sendt til:

U T S K R I F T

av møteboka til GOL BYGNINGSRÅD
i møte 25.05.1982.

Av 5 medlemmer var 5 tilstede (møtande varamann medregnet).

Sak nr.: 158/82 B



Protesten frå Nystølen setersameige vert ikkje teken til fylgje, då Syningen skyte- og øvingsfelt ut frå samfunnsmessige hensyn bør få sin areal- og bruksmessige avklaring som vist i reguleringsplan og føresegner.

Gol, 21.05.1982
O. Fjøsne

VEDTAK:

Reguleringssjefen si innstilling samrøystes vedteke.

ÅL KOMMUNE. TEKN. ETAT
J.nr. 1008 82
Arkiv 504
Sett av: St

Sign.:

Utskrift sendt til:
Bygningssjefen i Ål, 3570 Ål

# Utskrift av møtebok

(16)

for ÅL BYGNINGSRÅD

i møte den 28. september 1982

Av 5 medlemer var 4 til stades (møtande varamenn medrekna).

Liv Haugen gjekk frå som ugild.

SAK 240 /82: SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT

REGULERINGSPLAN - 2. GONGS HANDSAMING

Saksbehandlar: Eystein Kvam

Utgreiing.

Planen var handsama 1. gong i bygningsrådet i sak 177/81. Planen har vore utlagt til offentleg ettersyn i 3 veker frå ca. 10. august 1981.

Det har kome inn følgjande merknader (sjå vedlegg):

1. Brev datert 27. august 1981 frå Hallvard Tufte, Ola Svendsgård, Erling Breibrenna, Mikael Svensgård, Olav Sire, Trygve Sire, Gerd Sire Gjelten og Olav Haugo.
Dei protesterar mot planen og framfor alt at buffersona i planen skal båndleggast mot framtidig bebyggelse, særleg hyttebebyggelse

2. Brev datert 28. august 1981 frå Oddbjørn Storedal.
Han er eigar av Nystølen gnr 6 bnr 3, som ligg i buffersona for skytefeltet Disposisjonsplan for Kråkhovda hyttegrend er godkjent på denne eigedomen for 23 hytter i 1968 og 1972. Til no er bygt 17 hytter og ei utleigehytte. Dei 5 attverande tomtene er halde att til borna hans samt til utleigehytter for gardsdrifta. Han har i 1977 utarbeidd forslag til reguleringsplan for Kråkhovda hyttegrend II, med 8 hytter, planlagt for utleige som attåtnæring til gardsdrifta. Garden er planlagt utvida til 2-familiebruk. Buffersona beslaglegg omlag halvparten av hamnefeltet, ein stor del av skogeigedomen og reduserar soleis friarealet til hyttene.
Skogen har årleg vore leigd bort som jaktfelt. Han protesterar mot båndlegging av areala so sterkt han kan og vil krevja erstatning dersom plan vert gjennomført.

3. Brev datert august 1981 frå Torvald Haugen og Liv Haugen (gnr 2 bnr 4), Ove Thorshaug (gnr 3 bnr 2), Herman Uhlen og Bjarne Uhlen (gnr 2 bnr 6) og Torleiv Brennhovd (gnr 7 bnr 2).

Dei gjev svært sterke innsigelsar mot planen. Dei har felleseige på eigedomen i nordre kanten av skytefeltet, innafor buffersona. Dei meiner at dyrka marka på eigedomen må utvidast og at det må oppførast utleigehytter for at bruka deira skal gjeva naudsynt utkome i framtida.

Nr 2572 L Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo. 12-79

./2

# Utskrift av møtebok

for ÅL BYGNINGSRÅD

i møte den 28. september 1982

Av 5 medlemer var 4 til stades (møtande varamenn medrekna).

forts. ...... Side 2

SAK 240./82: SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT
REGULERINGSPLAN - 2. GONGS HANDSAMING

---

Da § 5 b i planforslaget ikkje tillet gjerder i buffersona, vil det ikkje vera mogeleg med nydyrking og hyttebygging vil verta forbode. Dei har aktuelle planar om reguleringsplan og er redde for at arbeidsplassar i privat næring kan gå tapt dersom planen vert gjennomført. Dei peikar og på at det har vore drivi jordbruk i området lenge før skytefeltet vart etablert. Dei vil krevja erstatning dersom planen vert gjennomført.

4. Brev datert 2. septemer 1981 frå Even Liahagen og Leiv Bråtalier
Dei protesterar mot planen i sin heilhet. Då forsvaret delvis har begrunna planen i auka turisme, meiner dei det viser at området er egna for dette formålet og bør derfor ikkje regulerast til noko anna. Dei påstår at dei har godkjente planar for hyttefelt på sine eigedomar og meiner det er viktig å få hyttene som attåtnæring til gardsbruket. Dei viser til brev datert 05.10.78 til Forsvarets bygningstjeneste vedrørande tap av forventa inntekter og erstatningskrav. Dei meiner behovet for planen ikkje lenger er til stades då aktiviteten i området stadig har vorte mindre. Dei tvilar og på om buffersonen gjer feltet sikrare og visar til Staten sin skog i Riddalen på Torpo og ved Hadding skytebane, som egna alternativ for skytefeltet. dersom plan likevel vert gjennomført på Syningen, krev dei at det må verta tillatt å sette opp gjerder og bygg som er naudsynt for landbruksdrifta og at "Spesialområde landbruk" vert endra til berre "landbruk". Dei vil ha med følgjande avsnitt om veier under § 5 a i reguleringsføresegnene: "Veier innen området kan berre nyttast etter avtale med grunneigarane."

5. Brev datert 2. september 1981 fra plan og utbyggingsavdelinga ved Buskerud fylkeskommune.
Følgjande endringar i planen vert tilrådd:

   1. Buffersona vert regulert til Landbruksområde etter § 25 pkt 2 i bygningslova.

   2. Køyrevegen gjennom buffersona til skytefeltet må regulerast til felles adkomstveg etter § 26 "Andre bestemmelser" i bygningslova. Evt. bør adkomstvegen førast vidare gjennom skytefeltet.

   3. Reguleringsføresegnene må reduserast til det som har heimel i bygningslova. Følgjande føresegner vert tilrådd:

Nr 2572 L Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo. 12-79

./3

# Utskrift av møtebok

for ÅL BYGNINGSRÅD

i møte den 28. september 1982

Av 5 medlemer var 4 til stades (møtande varamenn medrekna).

forts. .... Side 3

SAK 240 /82: SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT
REGULERINGSPLAN - 2. GONGS HANDSAMING

---

§ 1. Det regulerte området er på planen i målestokk 1 : 500 vist med reguleringsgrense.

§ 2. Fareområde/ skytefelt.
I området kan opparbeides skytebaneanlegg, veier, ledninger, gjerder og oppføres bygninger som er nødvendige for områdets bruk til skytefelt.

§ 3. Landbruksområde.
I området kan oppføres bygninger som er nødvendige for områdets bruk til landbruksformål.

§ 4. Mindre vesentlige unntak fra disse reguleringsbestemmelsene kan, hvor særlige grunner taler for det, tillates av bygningsrådet innenfor rammen av bygningslovgivningen og bygningsvedtektene for Ål kommune.

Plan og utbyggingsavdelinga meiner dei øvrige foreslåtte føresegner er dekka i Forsvaret sine eigne føresegner og instrukser, eller må sikrast ved avtaler med grunneigarane.

Det vert og føresett at bruken av vegen frå offentleg veg er klarert med vegstyre/ heimelshavarar.

6. Brev datert 3. september 1981 frå advokat Frans Mauritzen som klagar på sakshandsaminga, då hytteeigarar ikkje har vore varsla direkte om planen. Han meiner det ikkje finnst problem med skytefeltet i dag som kan betrast gjennom ein reguleringsplan. Han peiker på andre eigedomar staten eig Ål og Gol og som kan nyttast til skytefelt i staden for Syningen og meiner at den auka turismen i området skuldast stort sett privat bruk av heimevernet sine hytter til ferieformål.
Ut over dette har Mauritzen merknader som og stort sett er nevnt av Bråtalien og Liahagen.

7. Utskrift frå møtebok for Ål landbruksnemnd, sak 88/81, i møte 11. september 1981.
Nemnda vil ikkje vurdere plassering og storleik på feltet/ buffer sona, då dei meiner det er eit militærfagleg spørsmål. Nemnda tilrår planen med følgjande endringar:



Nr 2572 L Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo. 12 - 79

# Utskrift av møtebok

for ÅL BYGNINGSRÅD

i møte den 28. september 1982

Av 5 medlemer var 4 til stades (møtande varamenn medrekna).

forts. ..... Side 4

SAK 240./82: SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT
REGULERINGSPLAN - 2. GONGS HANDSAMING

---

"Område L må kallast Landbruksområde i staden for spesialområde. Vidare må reguleringsvedtektene i § 5 endrast slik at oppsetjing av nytt gjerde og fornying av eksisterande gjerde til landbruksføremål er tillatt. Utan det vil det vera heilt illusorisk at området skal kunne nyttast til landbruksføremål.
Bruk av private vegar i området må skje etter avtale med grunneigarane.
Det må ytast vederlag for klausulering mot hyttebygging.

8. Protokoll frå sak 4/82 i Friluftsnemnda i Buskerud i møte 26. januar 1982. Dei har ingen merknader dersom det framleis vert teke omsyn til friluftsinteressene i området.

9. Utskrift av møtebok for Ål Viltnemnd i møte 9. februar 1982, sak 1/1982.
Det vert peikt på at feltet kjem i konflikt med gode storfugl/orrfugl og elgebiotoper i søndre delen. Dei ynskjer derfor at feltet vert orientert meir mot nord og at det vert tatt inn i føresegnene at feltet ikkje skal brukast i mai - juni då viltet treng ro.

10. Utskrift av møtebok for Gol bygningsråd, sak 47/82B frå møte 11. februar 1982.
Planen vart vedteke utlagt på nytt med "Spesialområde landbruk" endra til berre "landbruk".

11. Utskrift av møtebok for Ål friluftsnemnd, møte 1. april 1982, sak 2/82. Ingen merknader.

12. Utskrift av møtebok fra møte 19. april 1982 i Buskerud fylkeslandbruksstyre, sak 165J.
Planen vert tilrådd med dei endringar som var gjort i mellomtida "Spesialområde landbruk" endra til berre "landbruk" og at det i føresegnene ikkje vert forbode å setja opp gjerde i buffersona av landbruksmessige omsyn.

./5

Nr 2572 L. Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo. 12 - 79

# Utskrift av møtebok

for ÅL BYGNINGSRÅD

i møte den 28. september 1982

Av 5 medlemer var 4 til stades (møtande varamenn medrekna).

forts. .... Side 5

SAK 240/ 82: SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT
REGULERINGSPLAN - 2. GONGS HANDSAMING

---

13. Utskrift av møtebok for Gol bygningsråd i møte 25. mai 1982, sak 158/82B.
Den reviderte planen (same revidering som vart krevd av landbruksstyresmaktene) vart tilrådd av samfunnsmessige omsyn.

Sakshandsamars kommentar:

- I bygningsrådsvedtaket for 1. gongs handsaming av planen (sak 177/81) stod mellom anna: "Spesialområde landbruk" bør endrast til berre "landbruk". Etter at planen har vore ute til offentleg ettersyn er den endra i samsvar med dette vedtaket. Då vedtaket har vore lagt ved planen ved utlegginga og dette soleis har vore kjent for dei som har kome med merknader, og det samstundes synast å vera semje i ei slik endring blant grunneigarane, har eg ikkje funne det naudsynt å legge planen ut til offentleg ettersyn på nytt.

  Lokalisering av skytefeltet er ei militærfagleg sak og generalplansak. Feltet ligg der i dag og reguleringsplanen vert laga fyrst og fremst for å få etablert buffersona. Ein finn det difor ikkje rett å ta opp dette spørsmålet i bygningsrådet no.

- Buffersona ynskjest oppretta for å avgrense mellom anna hyttebygging og dermed hindre auka ferdsel i området rundt skytefeltet. Dei fleste grunneigarane protesterar mot ein slik klausulering. Det er tidlegare godkjent ein disposisjonsplan for hytter på Kråkhovda og ein kjenner til to tidlegare forslag til slik disposisjonsplan frå Liahagen og Bråtalien som aldri vart ferdighandsama av omsyn til arealvurderinga for Syningen skytefelt.
  Landbruksnemnda har slutta seg til planforslaget og nevner forbodet mot hytter fyrst og fremst som ein erstatningssak.

- Spørsmålet om erstatningar er og reist av fleire grunneigarar. Dette spørsmålet er uavhengig av handsaminga av sjølve reguleringsplanen og skal ikkje kommenterast her.

Nr 2572 L Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo. 12 - 79

./6

# Utskrift av møtebok

for ÅL BYGNINGSRÅD

i møte den 28. september 1982

Av 5 medlemer var 4 til stades (møtande varamenn medrekna).



SAK 240/82: SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT
REGULERINGSPLAN - 2. GONGS HANDSAMING

---

- Køyrevegen gjennom området må visast som fellesadkomst. Då feltet er i bruk frå tidlegare, reknar ein med at det ligg føre bruksrett til vegen.

- Ein har kontakta HV-skulen på Torpo vedrørande ynskje om orientering av skytefeltet meir mot nord. Dei svarar at den nordlege delen er uegna for skyting. Dessutan har dei no godkjente jordvollar bak skivene der dei ligg.

- Ein er samd med fylkeskommunen i at føresegnene må avgrensast til det det er heimel for i bygningslova.

- Ein kan ikkje sjå at det er grunn for kritikk av sakshandsaminga i denne saka. Reguleringsplanen har vore annonsert i DT & BB, Fremtiden og Hallingdølen. I tillegg har dei grunneigarane ein har funne fram til vore kontakta direkte. Alle skulle soleis ha hatt godt høve til å gjere seg kjent med planene. For hytteeigarane endrar planen ikkje vesentleg på tilhøva frå det dei er i dag.

- Eg tykkjer at det er tvilsamt om området i nærleiken av eit skytefelt, som truleg vil verta liggande på Syningen i framtida sjølv om planen ikkje vert stadfesta, er særleg attraktivt for hyttebygging.
  Samstundes er området egna for landbruk og ein god viltbiotop, som truleg vil verta meir skada av hyttebygging og auka ferdsel enn landbruksdrift i buffersone.

  Eg tykkjer det soleis er rett å tilrå planen.

F R A M L E G G   T I L   V E D T A K:

Bygningsrådet tilrår at reguleringsplanen for Syningen skyte- og øvingsfelt, datert 07.04.81, revidert 07.12.81, vert godkjent. Hovedvegen gjennom feltet bør regulerast til felles adkomst og reguleringsføresegnene bør utformast etter forslag frå Plan- og utbyggingsavdelinga i Buskerud fylkeskommune.

forts. side 7

Nr 2572 L Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo. 12 - 79

# Utskrift av møtebok

for Ål bygningsråd

i møte den 28. september 1982

Av 5 medlemer var 4 til stades (møtande varamenn medrekna)



SAK 240/82: SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT
REGULERINGSPLAN - 2. GONGS HANDSAMING

---

BYGNINGSRÅDET SITT VEDTAK (SAMRØYSTES):

Bygningsrådet tilrår at reguleringsplanen for Syningen skyte- og øvingsfelt, datert 07.04.81, revidert 07.12.81, vert godkjent. Hovedvegen gjennom feltet bør regulerast til felles adkomst og reguleringsføresegnene bør utformast etter forslag frå Plan- og utbyggingsavdelinga i Buskerud fylkeskommune.

Rett utskrift: Ål, den 30. september 1982

S. Roen
Sigrid Roen
ktr.flm.

---

Saksbehandlar :

Eystein Kvam
bygningssjef

Utskrift går til:

Ål formannskap/Ål kommunestyre
til handsaming.
Forsvarets Bygningstjeneste, Oslo
Gol bygningsråd
Dei som har kome med merknader.
HV-skolen, Torpomoen

Nr 2572 L Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo. 12 - 79

F.SAK 441/82 REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT.

Arkiv 504.

Reguleringsplan for Syningen Skyte- og Øvingsfelt med vedlegg vart sendt over frå teknisk etat til formannskapskontoret den 5/10-82. Vi laga saksutgreiing til formannskapet den 8/10-82. Før denne vart utsendt, fekk vi beskjed frå tekn. etat om å halde den att litt, då bygningsrådet skulle handsame den ei gong til.

Bygningsrådet handsama innkomne protestar på ny i møte 2/11-82, sak 271/82, og utskrift frå denne handsaminga kom inn til formannskapskontoret den 10/11-82. Dessverre har saka vorte liggjande her ved kontoret i ca. 1 månad, utan at vi har hatt tid til å leggje den fram.

./. Kopi av følgjande dokument ligg ved:

- Dokumentliste av 30/9-82
- Utskrift frå bygningsrådet si sak 240/82
- " " " " " 271/82.

Av desse vedlegga skulle det gå fram kva dokument som elles ligg på saka. Ein finn av praktiske årsakar ikkje å kunne sende ut meir vedlegg. Alle dokument er tilgjengeleg her på kontoret - eller dei kan bli referert i møta - etter ynskje/behov.

Sjølve planen er utarbeidd av Forsvarets Bygningsteneste I/R den 7/4.81, revidert den 7/12-81. Storparten av planområdet ligg i Ål. Ein liten del berørar grunneigarar frå Gol.

Av dei føreliggjande dokument tykkjest det være noko motstridande interesser mellom landbruk/turistme på den eine sida og Forsvaret på den andre. Enkelte grunneigarar har varsla om erstatningskrav dersom planen vert gjennomført. Ein er samd med bygningssjefen i at erstatningsspørsmålet egentleg er uavhengig av sjølve reguleringsplanen. Ein har elles ingen merknad til bygningsrådet si handsaming/tilråding - og rår formannskapet til å gjere slikt

FRAMLEGG:

1. Ål kommunestyre godkjenner reguleringsplan for Syningen Skyte- og Øvingsfelt av 07/04-81, revidert 07/12-81, utarbeidd av Forsvarets Bygningsteneste I/R.

2. Kommunestyret meiner huvudvegen gjennom feltet bør regulerast som felles adkomst, då det truleg er fleire interesserte brukarar av den (som kan ha bruksrett til vegen).

3. Reguleringsføresegnene må avgrensast til det det er heimel for i bygningslova - og bør difor utformast etter framlegg frå Plan- og utbyggingsavdelinga i Buskerud fylkeskommune av 02/09-81.

4. Planen med vedlegg vert å senda Fylkesmannen i Buskerud til handsaming og stadfesting.

ÅL FORMANNSKAPSKONTOR, den 8. desember 1982.

Bj. Noraberg

Bjørgulv Noraberg
rådmann

Sig. Flaget

Sigurd Flaget
formsk.sekr

27/1-83

UTKSKRIFT AV MØTEBOK FOR ÅL FORMANNSKAP i møte 20.desember 1982
SAK 441/82

Av 7 medlemmer var 5 tilstades

Samrøystes vedtak:

Framlegget frå rådmannen vert vedteke.

| Landbruksnemnda | | Fylkeslandbruksstyre | |
|---|---|---|---|
| Ål | | | |
| Møte 28.6.84 | Sak 80 | Møte | Sak |
| Reg.nr. | Tidl. sak | Reg.nr. | Tidl. sak |

Sak 80/84 J/S

Arealvurdering av Statens- og Opplysningsvesenets fonds eigedomar i Ål for hyttebygging.

I brev av 26.1.83 frå Valdres Skogforvaltning til Ål kommune, er det reist spørsmål om det frå kommunen si side er interesse for å få planlagt hyttefelter på nemnte eigedomar. Det er peikt på at det er arealer som er godt egna til hytteområder i Ål prestegardsskog mellom Prestnystøl og Øyestøl, og vidare er det nemndt "hyttebonitet" i Gullhagen, Redalen og Evjen skoger.

I brev av 21.5.84 har ordføraren bede om uttale frå landbruksnemnda og generalplanutvalget. Det er nemnt at han har stilt spørsmål om hyttefelt i Statens skoger kunne vera erstatning for dei grunneigarane innanfor Syningen skytefelt som vert avskore hyttebygging i sine skogremmar, og at det etter drøfting med Valdres skogforvaltning høyres ut som om Statens skoger kan leige bort hytteområder til kommunen.

Framlegg ~~til uttale~~:

Landbruksnemnda meiner at eventuell planlegging av hytteområder innan Statens- og Opplysningsvesenets fond sine eigedomar bør utstå til den pågåande arealvurdering som fylkeslandbruksstyret har satt i verk for Ål, er ferdig. Vidare meiner nemnda at eventuell hytteplanlegging på desse eigedomane må skje etter same retningsliner som for andre eigedomar.

Etter det utkast som til nå ligg føre når det gjeld arealvurdering må ein rekne med at heile Evjen, Redalen og Gullhagen skoger ville falle innanfor arealgruppe A, dvs. arealer som for all framtid bør vera landbruk. Det er mogeleg at ein del av prestegardsskogen (mellom Prestnystøl og Øyestøl) vil falle innanfor arealgruppe F, dvs. område som ut frå ei landbruksvurdering bør kunne brukast både til landbruk, friluftsområde og fritidshus.

For prestegardsskogen vil det bli eit relativt lite bakgrunnsareal for hyttebygging, og det er klart at ein eventuell hytteplan (reguleringsplan) må omfatte fleire eigedomar i området.

Landbruksnemnda kan ikkje sjå nokon rimeligheit i at grunneigarar innanfor Syningen skytefelt skulle få erstatning i form av hyttefelt på Staten eller Opplysningsvesenets fond sine eigedomar, og heller ikkje i at Ål kommune skulle leige hytteområde frå Valdres skogforvaltning.

7.

| Sign. Lbn. | Sign. Fl.st. | Utskrift sendt til |
|---|---|---|
| | | |


40.000. 4.84. e.s.trykk-Oslo

# MØTEBOK

Lbn./Fl.st. Side

| Landbruksnemnda Ål | | Fylkeslandbruksstyre | |
|---|---|---|---|
| Møte 28.6.84 | Sak 80/84 | Møte | Sak |
| Reg.nr. | Tidl. sak | Reg.nr. | Tidl. sak |

Vedtak:

Landbruksnemnda sluttar seg til framlegget.

Nemnda vil tilføye at ein ser positivt på det arbeid som blir gjordt for å skaffe ressurssvake bruk statseigedom som tilleggsareal, og meiner det er gjennom ein slik framgangsmåte statseigedomane best kan koma distrikta til gode.

Utskrift sendt til: Ål formannskapskontor

ÅL FORMANNSKAPSKONTOR
Sak: 504 Dato: 4/7 84
SETT AV:
Ordförar ..... KH
Rådmann ..... KH
Formannsk sekr. ..... JF
Andre .....
Til:
Valdres Skogforvaltning ✓
Leif Brubakken ✓
Torvald Haugen ✓

SF

| Sign. Lbn. | Sign. Fl.st. | Utskrift sendt til |
|---|---|---|
| | | |

# Utskrift av møtebok

for Ål kommunestyre

i møte den 30. august 1984

Av 25 medlemer var 25 til stades (møtande varamenn medrekna).

Side 1

K.SAK 132/84.
REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT.
Arkiv 504

Følgjande gjekk frå som inhabil: Leiv Bråtalien
Nils Ove Svensgård
Eirik Torpe

Varamenn tok plass slik: Gunhild Oppsato
Herbrand Tretterud
Kåre Buseth.

Før saka vart handsama held formannskapet eit kort møte.

------------------

Følgjande framlegg frå rådmannen av 08.12.82 - med nytt pkt. 5 vart vedteke med 18 mot 7 røyster:

1. Ål kommunestyre godkjenner reguleringsplan for Syningen Skyte- og Øvingsfelt av 07.04.81, revidert 07.12.81, utarbeidd av Forsvarets Bygningsteneste I/R.

2. Kommunestyret meiner hovudvegen gjennom feltet bør regulerast som felles adkomst, då det truleg er fleire interesserte brukarar av den (som kan ha bruksrett til vegen).

3. Reguleringsføresegnene må avgrensast til det det er heimel for i bygningslova - og bør difor utformast etter framlegg frå Plan- og utbyggingsavdelinga i Buskerud fylkeskommune av 02/09.81.

4. Planen med vedlegg vert å senda Fylkesmannen i Buskerud til handsaming og stadfesting.

5. Ål kommunestyre har som føresetnad at Forsvaret vert ansvarleg for eventuelle erstatningskrav som vert reist som følgje av den båndlegging av areal planen inneber.

   Kommunestyret ber Forsvaret sjå positivt på slike erstatningskrav og handsame alle grunneigarane likt, anten dei har utarbeida planen for bruk av arealet eller ikkje.

---------------

Mindretalet (7) røysta for følgjande framlegg frå Harald Haug:

Som framlegget frå rådmannen av 08.12.82 - men med slikt pkt. 1:

1. Ål kommunestyre godkjenner reguleingsplan for Syningen Skyte- og Øvingsfelt av 07.04.81, revidert 07.12.81, utarbeidd av Forsvarets Bygningsteneste I/R, under føresetnad av at forsvaret yter erstatning etter avtaleskjøn til grunneigarane.

Nr 2572 L Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo. 12 - 79

./2

# Utskrift av møtebok

for Ål kommunestyre

i møte den 30. august 1984

Av 25 medlemer var 25 til stades (møtande varamenn medrekna).



FORTS. K.SAK 132/84. REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT.
Arkiv 504

Rett utskrift, Ål formannskapskontor den 3. september 1984

Kirsten Sollien

Kirsten Sollien
ktr.flm.

Vert sendt: Fylkesmannen i Buskerud
Grunneigarane
Forsvarets Bygningsteneste
Bygningsrådet i Ål
Gol kommune

Nr 2572 L Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo. 12 - 79

KOMMUNESTYRESAK 132/84.

F.sak 304/84 REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT.

Arkiv 504.

Reguleringsplan for Syningen skyte- og øvingsfelt vart lagt fram for kommunestyret 27.1 1983 der saka vart vedteke utsett.

./. Kopi av saksutgreiing med vedlegg er lagt ved.

Etter at saka vart utsett i kommunestyret har det vore ein del rund saka oppe til avklaring.
I møte mellom representantar frå Forsvaret og Ål formannskap vart det reist ein del spørsmål som Forsvarets Bygningstjeneste
./. har svara på i brev av 8/8 1983.

Skriv frå grunneigarar i området av 27. juni 1983 til Forsvaret med spørsmål om å trekka reguleringsplanen er svara på av
./. Forsvarets Bygningsteneste 16. januar 1984.

Ordføraren har arbeidt noko med spørsmålet om det er mogeleg å skaffa erstatningsareal for tapt hytteareal ved Syningen med tomtefelt i Statens Skoger.
Uttale frå Landbruksnemda i Ål om hyttefelt i Statens Skoger
./. frå møte 28.6 1984 er lagt ved.

Eg finn det rett at formannskapet på nytt drøftar saka. Eg kan ikkje sjå at det kjem inn nye, avgjerande moment i saka og den bør nå handsamast av kommunestyret.
Det var meininga å ha synfaring med kommunestyret i juni-møtet, men p.g.a. ekstra lang sakliste vart synfaringa utsatt. Eg har nå meint at kommunestyret skal ta synfaring før kommunestyremøtet den 30. august. Til synfaringa bør grunneigarane og representantar frå forsvaret vera med. Forsvaret fekk orientere det tidlegare formannskap den 25. april 1983 og eg har overfor grunneigarar gjeve uttrykk for at dei skal få same retten til å koma med sitt syn. Det vert derfor gjeve høve for dei til å målbera sitt syn under synfaringa.

Det tidlegare formannskap kom med samrøystes framlegg i saka til kommunestyret. Om formannskapet vil koma med nytt framlegg denne gangen bør formannskapet sjølve avgjera.

Ål, den 31. juli 1984.

Knut Haug
Knut Haug,
ordførar.

UTSKRIFT AV MØTEBOK FOR ÅL FORMANNSKAP i møte 6. august 1984
Sak 304/84

Av 7 medlemmer var 7 tilstades, møtande varamenn medrekna.

Samrøystes:

Saka vert førebels lagt fram for kommunestyret utan tilråding.
Det vil bli arrangert synfaring før kommunestyremøtet den 30.08.84 - og formannskapet vil legge fram si tilråding i møtet..

/JJ/ /3

mai 1981
Rev. 11 des.1981

FORSLAG TIL REGULERINGSBESTEMMELSER FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT ÅL OG GOL KOMMUNE

§ 1 Regulert arel

Regulert areal er på planen i målestokk 1:5000 vist med reguleringsgrense.

Arealet utgjør ialt ..9,1..... km2

§ 2 Reguleringsformål

Innenfor reguleringsgrensen er området regulert til

a. fareområde

b. landbruksområde

§ 3 Definisjoner :

UD - 2 - 1 : Utdanningsdirektiv 2-1. Sikkerhetsbestemmelser for Hæren.

Redusert ammunisjon : Ammunisjon med mindre effekt (mindre drivladning, lettere prosjektil o l) enn vanlig skarp ammunisjon.

§ 4 Område F (fareområde)

a. Området kan av Forsvaret benyttes til :

I Skarpskyting med følgende våpen : gevær, maskingevær, nærpanservåpen samt skyting med redusert ammunisjon.

II Feltøvelser med avdelinger til fots, herunder bruk av løsammunisjon, bivuakkering og bruk av unyttbar vegetasjon til kamuflasje o l.
Motorisert ferdsel som har med den militære virksomhet å gjøre eller grunneiers landbruksmessige bruk av område kan tillates.

b. I området kan det anlegges de nødvendige skytebaner for de under pkt a nevnte våpen. Det kan dessuten anlegges sprengningsfelt og luftmålbane.

c. I området kan det anlegges nødvendige veier, ledninger, gjerder og bygningsmessige tiltak som er nødvendige for virksomheten.

d. Når feltet ikke benyttes av Forsvaret, er det åpent for tradisjonell bruk.

§ 5 Område L (Landbruksområde)

a. Området reguleres til jordbruk/skogbruk. Det er bare tillatt å føre opp bygninger som er nødvendig for slik virksomhet.

Inngjerding i forbindelse med setervoller og nydyrking tillates.

Inngjerding utenom de overnevnte formål må forelegges Forsvaret.

Hytter og beboelseshus utover det eksisterende vil ikke tillates innenfor området.

b. Området kan av Forsvaret benyttes til feltøvelser med avdelinger til fots. Herunder bruk av løsammunisjon, bivuakkering og bruk av unyttbar vegetasjon til kamuflasje. Lette beltekjøretøyer kan benyttes vinterstid.

## § 6 Begrensninger i Forsvarets bruk av feltet

a. All forsvarsvirksomhet skal foregå utenfor dyrket mark.

b. Til følgende tider skal Forsvaret ikke drive skarpskytingsøvelser:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| I | F o m | lørdag før palmesøndag | t o m | 2.påskedag |
| II | F o m | pinseaften | t o m | 2.pinsedag |
| III | F o m | 24. desember | t o m | 2.januar |

c. Mellom 15 juni og 15 september skal feltet brukes minst mulig.

## § 7 Sikring og varsling

Feltet skal sikres og øvelser varsles i overensstemmelse med UD 2-1, Sikkerhetsbestemmelser for Hæren samt HV-skolens egen sikkerhetsinstruks.

## § 8 Unntak

Mindre vesentlige unntak fra disse reguleringsbestemmelser kan, hvor særlige grunner taler for det tillates av bygningsrådet innenfor rammen av bygningsloven og bygningsvedtektene for kommunen.

Unntak kan ikke gis for bygging av fritidshytter eller boliger i regulert område.

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

postmottak@khm.uio.no




# REGISTRERINGER FOR REGULERINGSPLAN SYNINGEN SKYTE- & ØVINGSFELT. ÅL OG GOL KOMMUNER

SKYTEBANE MED SIKKERHETSSEKTOR

BEGRENSNING EKSISTERENDE SKYTEFELT

——— // ——— BUFFERSONE

MARKERING AV BEBYGGELSE

PLANLAGT HYTTEFELT

MIDDELS BONITET FOR SKOG

HØY ——— // ———

N

M: 1:5000
Ekv.: 5 m

OSLO

FORSVARETS BYGNINGSTJENESTE /I/R

(2)

UNIVERSITETETS OLDSAKSAMLING
FREDERIKS GATE 2
OSLO 1

| | |
|---|---|
| Gårds/bruksnavn<br>Syningen skyte- og øvingsfelt. | |
| G.nr./br.nr. | |
| Kommune<br>Ål | Fylke<br>Buskerud- |
| Sogn | Prestegjeld |
| Eier/bruker, adr. | |
| Gjelder:<br>Reguleringsplan for Syningen skyte- og øvingsfelt. | |
| Flyfoto | Kartref. |
| Innber./rapport/reg. ved:<br>Tom H. Haraldsen | Dato<br>11/10.1984. |

Området ble besøkt 11. oktober 1984 ved undertegnede. Planområdet ligger rundt fjelltoppen Syningen, og ligger i Ø-kant av et større myrområde som heter Flæin. Området ligger 980m - vel 1000m o.h.. Området er preget av Ø/V-gående rygger, endel med berg, men også en rekke lavere grusrygger med fuktmark mellom. Rundt fjellet Syningen ligger det en rekke støler. Disse inngår dels i reguleringsplanen. Området er 10 000 mål stort, og det må være ukeverk å gå ordentlig over det. I første rekke må det være dyregraver på de lange grusryggene en må se etter. Likeledes ser det ut til å være landskap for jernvinne. Vegetasjonen i dag er temmelig sparsom. Det er åpenbart at grana er på hurtig innvandring i området. Enkelte småvokste furu tyder på at her må ha vært rikere med virke tidligere enn hva en kan se i dag. Trolig har hard beiting medført nær utryddelse av bjørkeskogen.

Ål, 11. oktober 1984.

Tom H. Haraldsen

Tom H. Haraldsen

Fylkesmannen i Buskerud,
Fylkeshuset,
3000 Drammen.

30. oktober 1984.
2038/84 THH/GI.
3842/84 Ark. 723.8 OAB

Reguleringsplan for Syningen skyte- og Øvingsfelt,
Al kommune, Buskerud fylke.

Vi viser til Deres henvendelse vedrørende ovennevnte plan, datert 25. september 1984. Planområdet ble besøkt 11. oktober d.å.. Området er ca. 10.000 mål stort, og det er dessverre umulig for oss å gjennomføre en antikvarisk tilfredsstillende befaring av området i inneværende år. Ved besøket viste det seg at det allerede er gjort en god del utbygging og inngrep i skytefeltområdet, Da en må regne med at en i dette morene- og myrlandskapet vil finne rester etter førhistorisk jernvinne og fangstanlegg med tilhørende bosettingsspor, må det ikke gjøres ytterligere inngrep i planområdet før vi har fått gjennomført en grunnleggende registrering av området. Dette arbeidet kan først gjøres sommeren 1985. Først når dette registreringsarbeide er gjennomført kan vi ta endelig stilling til planforslaget.

Med hilsen

Tom H. Haraldsen
konservator

Kopi: Al kommune, teknisk etat,
Fylkeskonservatoren i Buskerud.

-4-

# UNIVERSITETET I OSLO

1

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00

UNIVERSITAS OSLOENSIS

UNIVERSITY MUSEUM OF NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

Fylkesmannen i Buskerud,
Fylkeshuset,
3000 Drammen.

OSLO, 25. februar, 1985

SAKSBEHANDLER:

KOPI

DERES REF.:

VÅR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR)
Jnr. 2038/84

***REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT. ÅL KOMMUNE. BUSKERUD FYLKE.***

Vi viser til vårt brev av 30. oktober 1984 vedrørende ovennevnte plan.

Vi minner om at Universitetets Oldsaksamling ikke har tatt stilling til planen. Før dette kan gjøres må vi gjøre en grundig registrering av området.

Registreringsarbeidet er vurdert til 2 ukeverk i felt. Nærmere budsjett blir utarbeidet og registrering utført, etter avtale med oppdragsgiver.

Dersom arbeidet skal utføres i løpet av feltsesongen 1985 må vi snarest underrettes om dette.

Med hilsen

Arne Emil Christensen
bestyrer

Tom H. Haraldsen
mag.art.

Jnr.2038/84

Notat til top. ark.

Tlf.samtale 18. juni 1985 mellom undertegnede og ordføreren i Ål kommune, Haug, vedrørende Syningen skyte- og øvingsfelt, Ål k., Buskerud.

Grunnen til at U.O. ikke har hørt noe fra kommunen om saken, er at forsvaret, Forsvarets Bygningstjeneste, Bygning 58, Akershus, Oslo 1, har hatt alt arbeid med regulering og kostnader til denne. Kommunen anser seg således bare forpliktet til engasjement ved politisk saksbehandling av planen.

Kvam har vært saksbehandler på planen i kommunen.

U.O. 19. juni 1985

Tom H. Haraldsen

Jnr.2038/84

Notat til top. ark.

Tlf. med Forsvarets Bygningstjeneste, Bygning 58, Akershus, Oslo 1, tlf. 40 30 30, 19. juni 1985 v/ Tom H. Haraldsen.

Morten Johannesen, førstekonsulent, juridisk avd., tlf. 40 25 08.

Han mente at planen egentlig sementerte dagens situasjon, og at reguleringsplanen derfor var et kommunalt ansvar.

U.O. 19. juni 1985

Tom H. Haraldsen

# UNIVERSITETET I OSLO

OLDSAKSAMLINGEN
VIKINGSKIPSHUSET

FREDERIKS GATE 2, OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00

UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
VIKING SHIP MUSEUM

FREDERIKS GATE 2, OSLO 1

EKSPEDISJONSTID FRA
KL.12.00 TIL 15.45 (15.00)


Forsvarets Bygningstjeneste
v/ førstekonsulent Morten Johannesen
Juridisk kontor
Bygning 58, Akershus

OSLO 1

OSLO, 19. juni 1985
VÅR REF.: Jnr. ~~2638/84~~
DERES REF.: 2038/84

REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT,
ÅL OG GOL KOMMUNER, BUSKERUD.

Vi viser til samtale med Deres Morten Johannesen 19. juni vedrørende ovennevnte reguleringsplan.

Representanter for Oldsaksamlingen besøkte planområdet 11. okt. 1984 etter at vi hadde fått den oversendt fra Fylkesmannen i Buskerud.

Skyte- og øvingsfeltet er etter hva vi forstår av eldre dato. Det er imidlertid gjort en del arbeider der de senere år, uten at dette er forelagt vernemyndighetene.

Området ligger i et morene og myrlandskap hvor en må regne med at det er rester etter førhistorisk jernvinne og fangstanlegg med tilhørende bosettingsrester. Før vi kan ta stilling til planen må derfor området registreres. En må videre regne med at eksisterende anlegg kan ha påført fornminner skade, slik at det også av denne grunn må gjøres registreringsarbeid. Vi må be om at det ikke gjøres inngrep o.l. innen planområdet før vi har befart området.

Dersom det forventes at vi skal gjøre noe med planforslaget i inneværende år, så må vi snarest få melding om dette.

Med hilsen

Arne Emil Christensen
bestyrer

Tom H. Haraldsen
mag. art.

Vedlegg: 2 stk.

Kopi: Ål k., tekn.etat, Gol k., tekn.etat, Fylkesmannen i Buskerud.

ÅL KOMMUNE

POSTBOKS 115 — 3570 ÅL
TLF: 067/81 011
POSTGIRO: 5 50 09 05
BANKGIRO: 2320.20.29 531

OLDSAKSAMLINGEN 1
J.nr. 001136 09 MAJ 86
SAKSB. AEC ARK.Nr.

Universitetet i Oslo, Oldsakssamlingen
Vikingskipshuset
Frederiks Gate 2
0164 OSLO 1

Dykkar ref.: 2638/84 THH/GI

***VEDK. REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVINGSFELT ÅL OG GOL KOMMUNAR, BUSKERUD.***

Eg syner til dykkar brev dagsett 30.10.84 og 19.06.85 til h.h.v. Fylkesmanen i Buskerud og Forsvarets Bygningstjeneste.

Ål kommunestyre har gjort om sitt tidlegare vedtak om å tilrå reguleringsplanen for Syningen skyte- og øvingsfelt stadfesta. Planen er for tida til handsaming i kommunen.

I det eg syner til ovanfornemnde ber eg opplyst følgjande:

1. Har Oldsakssamlinga merknadar til planen slik den er forelagt tidlegare?

2. Er det gjort noko registreringsarbeid i området?

3. Dersom registrering ikkje er gjort og dette er naudsynt, når kan kommunen rekne med at dette vert gjort? Vil kommunen eller Forsvarets Bygningstjeneste verte belasta eventuelle kostnadar og kor store vert desse?

Eg er takksam for snarleg svar.

Ål formannskapskontor, den 07.mai 1986.

Karsten Øvretveit
Rådmann

UNIVERSITETET I OSLO

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00

UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

KOPI

Ål kommune,
v/rådmann Karsten Øvretveit,
3570 ÅL.

OSLO, 28. juli 1986

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.:

VÅR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) 1136/86, jfr. 2038/84, THH/GI.

REGULERINGSPLAN FOR SYNINGEN SKYTE- OG ØVELSESFELT,
ÅL OG GOL KOMMUNE, BUSKERUD.

Vi viser til tidligere korrespondanse vedrørende ovennevnte planforslag, se vedlagte kopier av brev til fylkesmannen i Buskerud og til Forsvarets Bygningstjeneste.

For at Oldsaksamlingen skal kunne gi en uttalelse til planforslaget er det nødvendig at vi får gjennomført registreringer i området, slik vi har omtalt i vårt brev til Forsvarets Bygningstjeneste. I forbindelse med utgivelsen av Økonomisk kartverk ble det utført endel registreringer i Ål kommune. Den gang ble registreringsarbeidet nede i selve bygdelaget prioritert, og utmarksområder og stølsvoller er derfor bare sporadisk besøkt.

Kostnader vedrørende Oldsaksamlingens befaringer i forbindelse med behandling av reguleringsplaner, skal, ifølge kulturminnelovens §§ 9 og 10, dekkes av kommunen, jfr. Miljøverndepartementets rundskriv T-29/83, vedlagt. Hvem som endelig skal betale disse omkostningene må være en sak mellom Ål kommune og Forsvarets Bygningstjeneste, og er forsåvidt oss uvedkommende.

For å få en avklaring av fornminnebestanden innen området, må det foretas en mer omfattende befaring. Når denne er utført kan vi ta stilling til om det er nødvendig å innhente flere opplysninger, eller om vi kan gi en endelig uttalelse på det foreliggende grunnlag. Omkostningene til dette arbeid er beregnet til kr. 21,720.-, jfr. vedlagte budsjett. Vi ber om å få en snarlig bekreftelse på at De vil dekke utgiftene, slik at arbeidet kan bli utført i inneværende år.

Med hilsen

Vedlegg.

Arne Emil Christensen
bestyrer

Tom H. Haraldsen

Kopi: Fylkesmannen i Buskerud
Forsvarets Bygningstjeneste.
Fylkeskonservatoren i Buskerud.

# B U D S J E T T

vedrørende befaring av reguleringsplan for Syningen skyte- og øvelsesfelt,
Ål og Gol kommune, Buskerud fylke.

| | | |
|---|---|---|
| Lønn feltarbeid | kr. 5.100.- | |
| Etterarbeid | " 1.800.- | kr. 6.900.- |
| Sosiale utgifter | | " 2.760.- |
| 40% adm.midler av lønn m/sos.utgifter | | " 3.860.- |
| Reise | | " 2.000.- |
| Kost- og oppholdsutgifter | | " 3.700.- |
| 10% lønns- og prisstigning | | " 2.500.- |
| | | kr. 21.720.- |

Vilico A3 1144